

## Rekonstruksjon av norrøn vokalkvantitet på grunnlag av nynorsk(e målføre), med sideblikk til tysk og engelsk

Dette notatet er laga som hjelp i normalisering på kurset Nofi 102 norrøne tekstar ved Nordisk institutt på Universitetet i Bergen våren 2006. Kan andre bruke det, er det fint, men oppgje kjelde.

### á / a

A er nokså gjennomført *a* i nynorsk, og *á* nokså gjennomført *å*: *Band, kasta, fara* osv., mot *bátr, blása, þá, frá*. (Men somme unntak, t.d. *rán*, n.) Austnordisk har meir *å* pga. tidleg forlengd *a*: *gård, hård, bånd, hånd* osv. (jf. Heide 2004). – *Á* svarar ofte til *a* i tysk: *stál / Stahl, ár / Jahr*, og engelsk *ee / ea*: *steel, year, read (ráða)*.

### é / e

I målføre som senkar *e* til *æ* kan *é* vera bevart som *e*, såleis *létt* adj. > /let/ i Trøndelag.

### í / i

Regel: Kan ordet ha *e* i nokon variant av nyskandinavisk, var det (kort) *i* i norrønt. *Í* er i regelen *i* i nynorsk, både i normalmålet og i målføra, medan (norrøn kort) *i* ofte er *e* i normalmålet, og i mange målføre er det mesta konsekvent slik. Såleis: *Vika* vb. > *vike*, men *vika* f. > *veke*; *hlið* f. > *li*, men *hlið* n. > *le* 'grind'; *mín* pron. f. > *min*, men *mitt* pron. n. > *mett* (målføre); osv. Obs: Ofte er *i* bevart føre palatal konsonant i tradisjonelt målføre, såleis i Sør-Troms: *Fiskr* m. > *fesk*, men *fisk(r)inn* b. form > *fiskjen*. Obs: I klassisk nynorsk var det meir eller mindre gjennomført *i* også for norrøn (kort) *i*. – Den gamle lange *i*-en er i tysk og engelsk diftongert: *Eis / ice* (/ais/), *knife* (/naif/), *Mein / mine* (/main/) osv. Det same gjeld den gamle, lange *u*-en (nedanfor). Men, obs: Engelsk har ≈ gjennomført diftongering også føre *ld* og *nd*, pga. tidleg vokalførlenging i slik stilling i engelsk. Ver òg merksam på at *a* vart forlengd føre *ls*, *ld* og *lf* i islandsk (og føre dei konsonantsamband + *lg* i Vest-Telemark – Indre Agder og føre *nd* og *ld* i ein del andre nordiske mål, jf. *alá* ovanfor. Vokalførlenging føre konsonantsamband blir drøfta i Heide 2004.). På grunn av den islandske voksteren har den tradisjonelle nynorsknormalen former som *kálfr* m., *skáld* n. og *háls* m., men dagens standard (som blir brukt i *Ordbog over det norrøne prosasprog*), har ikkje forlengd vokal i slik stilling.

### ó / o

*Ó* har trong uttale (/u/) i dagens norsk, medan *o* har behaldi uttale /o/ eller har fått uttale /ø/. Såleis *hól(l)* m. > /hu:l/ 'haug', men *hol* n. 'grop, opning' > /ho:l/ el. /hø:l/. I ein del ord er mønsteret skipla med skriftuttale: *korn* /ku:rn/ osv., *spor* /spu:r/, *Bjørnhollia* /<sup>2</sup>bjørnhu:lial/ (stadnamn). Lydrett /kodn/, /koj/, /køn/ osv.

### ú / u

Den gamle korte *u*-en er i vestnorsk gjerne /u/: *purr* adj. > /tur/, *brunnit* partisipp > /<sup>2</sup>brunel/, *hugr* m. > /hu:g/, osv. *Ú* er derimot /u/ eller lett diftongert /<sup>2</sup>u/. – I tysk og engelsk er den gamle lange *u*-en diftongert: *Haus / house, Tausend / thousand*, osv. Men, obs: Engelsk har også diftong føre *ld* og *nd*, pga. tidleg vokalførlenging i slik stilling i engelsk (jf. Heide 2004).

### ý / y

Regel: Dersom eit ord kan ha *ø* i nokon variant av nyskandinavisk, var det (kort) *y* på norrønt. (Når det gjeld *ý / y* er ikkje nynorsk noka god rettesnor, for [særleg tradisjonell] nynorsk har ofte

y der norrønt hadde [kort] y: *fyrst* adv., *syster* f., *symja* vb., *dynja* vb. osv.) – Anna rettesnor: Dersom andre former i paradigmet eller andre ord danna til same rota har *jó* eller *jú* (> *jo*, *ju*), var y-en lang: *Brjóta* inf. – *brýtr* pres., *ljós* n. *lýsa* vb., *þjófr* m. *þýfi* n., osv. – og ofte tilsvarande i tradisjonell nynorsk. – I tysk er den gamle lange y-en diftongert til *eu*: *Neu* osv. I engelsk er han òg diftongert, til dels til *ew*: *New*, *spew*, til dels til /ai/, nett som den gamle lange i-en: *fly* /flai/ *sky* /skai/ osv.

### **Anna:**

- Ord som har bevart fullvokal i ending i austnorsk og trøndsk hadde kort rotvokal i gammalnorsk: Verb: *vera*, *komma*, *fara*, *sova*, *baka*, *tala* osv. Hankjønnsord: *Hana*, *hara*, *pòsa*, *stega*, osv.

Hokjønnsord: *Kaku*, *smiu*, *furu*, *viku* osv.

- *Æ* eller *é*? Tradisjonell nynorsk har mykje *æ* som gammalnorsk: *Klæde*, *gjæta*, *kvæde*, *sæte*, m.m. Er det veksling med *á*, skal det vera *é* – fordi *é* er oppstått med *i*-omlyd av *ā* (= *á*).

- NB: Ord danna til same rota kan godt ha ulik vokallengd: *lifa* vb., *líf* n., *utan* adv. *út* prep., osv.

### **Sitert litteratur:**

Heide, Eldar, 2004: "Uventa ikkje-patalal *n* av *nd* i nordnorsk. Typen *gandr* > /ga:n/." *Maal og Minne*. 56-69.

Bergen, 21.6.06

Eldar Heide